

## NORGES BONDELAG



Utenriksdepartementet  
Postboks 8114 Dep  
0032 OSLO

Vår sakshandsamar  
Hildegunn Gjengedal  
22 05 45 50

Vår dato  
04.05.2012  
Dykkar dato  
31.01.2012

Vår referanse  
12/00283-3  
Dykkar referanse

## Høring om NOU 2012:2 – Utenfor og innenfor – Norges avtaler med EU

Vi takkar for invitasjonen til å kome med høyringsvar til NOU 2012:2: ”Utenfor og innenfor – Norges avtaler med EU” (Europautredningen).

Norges Bondelag synest det er positivt at Regjeringa har sett ned eit utval for å sjå på Noreg sine avtaler med EU på ein heilskapleg måte. Etter så mange år med EØS-avtala, er det på høg tid å ha ei samla vurdering av effektane av avtala. Det er også viktig å få ein breiare offentleg debatt og høgare kunnskapsnivå om EØS i det norske folket. Dette kan ei slik utgreiing bidra til.

Norges Bondelag meiner likevel det er ein mangel ved NOU-en at ein ikkje har vurdert alternative tilknytingsformer mellom EU og Noreg. Vi ber difor om at Alternativrapporten – Alternativer til dagens EØS-avtale, blir teken med i det vidare arbeidet med Europautredningen. Vi ber også om at Norges Bondelags innspel til Europautredningens arbeid, datert 15.07.2011, blir teke med i det vidare. Brevet er vedlagt vårt høyringsvar. Vi kan ikkje sjå at våre synspunkt, der vi påpeika manglar og feil, er teke med i den endelege versjonen av Europautredningen.

### 1. Norsk landbruk – utanfor, men innanfor likevel

Det var ein føresetnad at landbruket skulle haldast utanfor, då EØS-avtala vart underteikna i 1992. 20 år etter kan ein konkludere med at EØS likevel har fått stor innverknad på norsk landbruk. Norges Bondelag støtta i 1992 ikkje underteikning av den framforhandla EØS-avtala, med grunngeving mellom anna i at avtala ikkje sikra råderetten over naturressursar og næringsliv, ga eit dårleg grunnlag for auka miljøtsatsing, ga usikkerheit om moglegheitene for å føre ein heilskapleg nærings- og distriktspolitikk, dårleg innverknad på ny regelverksutforming i EU, ikkje bidrog til harmonisk distriktsutvikling i Noreg og ga auka liberalisering med handel med jordbruksvarer. Denne kritikken står seg 20 år seinare. Norges Bondelag gjekk også imot innlemming av Veterinæravtala i 1998 (gjeldande frå 1999).

#### Bondelagets Servicekontor AS

**Postadresse:**  
Postboks 9354 Grønland  
0135 OSLO

**Norges Bondelag**  
Bondelagets Servicekontor AS

**Besøksadresse:**  
Landbrukets Hus,  
Schweigaardsgate 34 C  
0191 OSLO

**Org.nr.:** 939678670  
**Org.nr.:** 985063001 MVA

**Tlf:**  
22 05 45 00

**Bankkonto:** 8101.05.12891  
**Bankkonto::** 8101.05. 91392

**E-post:**  
bondelaget@bondelaget.no

**Internett:**  
www.bondelaget.no

Det er viktig å slå fast at Noreg framleis har ein eigen landbrukspolitikk, med fastsetjing av til dømes støttenivå og –fordeling, og målprisar. Vi har årlege forhandlingar mellom stat og næring, og vi har eit marknadsreguleringsystem, der næringa sjølv har ansvar for gjennomføringa. Ikkje minst har vi eit tollvern mot EU på landbruksvarer. Kort sagt – den norske modellen. Alt dette er positivt og viser at det er stor skilnad på EU-medlemskap og EØS-avtala. **Dette kunne gjerne kome tydelegare og meir positivt fram i Europautredningen.** Fleirtalet i utvalet konkluderer med at unntaket i EØS-avtala for landbrukssektoren har vore ein *”...fordel for norske produsentinteresser snarere enn for forbrukerne. Skjermingen mot konkurranse og strukturendringer er i tillegg dyrt sett fra et samfunnsmessig perspektiv”*. Samtidig veit vi gjennom spørjeundersøkingar tidlegare i år at 90% av dei norske forbrukarane ynskjer å oppretthalde eit landbruk på dagens nivå (høgaste nivå sidan 1970-talet). Norsk landbruk og matindustri sysselset nærare 100 000 personar og bidrar til matsikkerheit, kulturlandskap og distriktsbusetnad. Den norske landbruksmodellen har brei støtte i Stortinget. **Det er difor svært unyansert av fleirtalet i utvalet å framstille landbruket som ei særinteresse for norske produsentar.**

Men trass i at Noreg har ein sjølvstendig landbrukspolitikk, er landbruket sterkt påverka av EØS-avtala. Dette gjeld særleg mat- og veterinærområdet, og auka import gjennom artikkel 19 (basis landbruksvarer) og protokoll 3 (bearbeidde landbruksvarer). Men EØS-avtala rører også ved eigedomspolitikken i landbruket, tekniske krav og standardar, distriktspolitikken og arbeidsinnvandring. Vi vil her konsentrere oss om handel og mat/dyrehelse, men vil også kome inn på andre EØS-område med konsekvensar for norsk landbruk.

## 2. Auka handel gjennom artikkel 19 og protokoll 3

Artikkel 19 i EØS-avtala slår fast at partane skal jobbe for ei gradvis liberalisering av handelen med basis landbruksvarer. Dette skal skje innanfor partane sin respektive landbrukspolitikk, og på gjensidig fordelaktig basis. Partane skal møtast med to års mellomrom for å gjennomgå vilkåra for handelen. Det står ingenting om at ein nødvendigvis skal utvide handelen med to års mellomrom.

Ny avtale i artikkel 19-forhandlingane byrje å gjelde frå nyttår 2012. Avtala innebar ein auke i den gjensidige ostekvota frå 4500 tonn til 7200 tonn, mellombelse kvotar på storfékjøt (900 tonn), kylling (800 tonn) og gris (600 tonn) og nedsett toll/tollfrie kvotar for andre typar kjøt (skinker, pølser, kjøtbollar, andebryst), frukt/grønt, blomar og innsatsvarer til konserves- og fôrindustrien.

Den auka importen av basis landbruksvarer fører til eit stort press på norsk produksjon. Under artikkel 19-avtala gjeld dette i særleg grad mjølkeproduksjonen, som er ein berebjelke i norsk distriktsproduksjon. Importkvoten på ost utgjer no over 10% av norsk osteforbruk. I tillegg kjem import utanom kvota og grensehandel. Samla sett er importandelen no oppe i rundt 13%, mot 6% i år 2000. Medan folkeauken i Noreg siste ti åra har vore på 9%, har melkeproduksjonen gått ned 3%. I same periode gjekk importen av meieriprodukt opp frå vel 4000 tonn til rundt 20 000 tonn.

Importen av bearbeidde landbruksvarer (t.d. bakevarer, pizza og yoghurt) har auka vesentleg sidan EØS-avtala vart inngått. Berre sidan år 2000 har importen av bearbeidde

landbruksvarer til Noreg auka med 8-10% årleg. Til dømes aukar importvolumet på brød og bakevarer med 5% årleg, og importen av smakstilsett yoghurt auka med 47% (i mengde) berre frå 2010 til 2011. Handelen med bearbeidde landbruksprodukt blir regulert gjennom protokoll 3 til EØS-avtala. I utgangspunktet inngår desse varene i den frie vareflyten, men partane kan bruke toll, prisnedskrivning og eksportstøtte for å utjamne råvareprisen mellom EU og Noreg. Utfordringa er mellom anna at skilnaden i råvarepris er basert på prisar i 1994. Medan Noreg sine prisar i hovudsak har blitt høgare, har EU sine prisar i større grad nærma seg verdsmarknadsprisen. Dette har ikkje blitt utjamna ved auka tollsats inn til Noreg.

Samla sett er landbruksvareimporten frå EU til Noreg femdobla frå 1990 til 2010, medan eksporten frå Noreg er meir eller mindre på staden kvil. Forholdstalet mellom EU og Noreg har gått frå 1:4 i EUs favør i 1995 til 1:7,5 i EUs favør i 2010.

**Europautredningen trekk fram den store auken i landbruksvareimporten, men konkluderer likevel med at importen er moderat. Det blir heller ikkje vist til at forhandlingane om artikkel 19-avtala skal førast på gjensidig fordelaktig basis og innanfor partane sin landbrukspolitik. Utviklinga i landbruksvarehandelen mellom EU og Noreg har ikkje vore gjensidig fordelaktig. Denne problemstillinga blir ikkje trekt fram i NOU-en. Det er ein stor mangel, og gjer at Europautredningen ikkje gir det fulle biletet av EØS-avtale på landbruksområdet. I staden blir landbruket trekt fram som eit av dei få problematiske sidene ved EØS-samarbeidet, og misnøyen frå EU blir framheva, utan motførestillinger. Det blir heller ikkje peika på manglande utjamning av råvareprisar for protokoll 3-varer, noko som var vilkåret då protokoll 3-avtala vart underteikna.**

**Norges Bondelag stiller seg også undrande til at fleirtalet i utvalet har ei kritisk vurdering av norsk landbrukspolitik, samtidig som ein framstiller EUs landbrukspolitik som meir open og liberal. EU er ein tollunion med ein gjennomsnittleg tollsats til land utanfor unionen omtrent på nivå med Noreg. Internt er det naturlegvis tollfridom, som det er mellom fylke i Noreg. Det blir også irrelevant å ta med interne trekk ved norsk landbrukspolitik, som nedgang i talet på bruk i Noreg, når temaet er Noregs avtaler med EU.**

**Europautredningen burde også ta med ei maktpolitisk vurdering av korleis styrkeforhold og forhandlingsmakt mellom EU og Noreg verkar inn på endeleg forhandlingsresultat. Presset frå andre forhandlingsområde i EØS ville også vere relevant å trekke inn her. Dette er ein viktig del av forhandlingsrealiteten.**

### **3. Mat- og veterinærområdet**

Då Noreg underteikna Veterinæravtala i 1998, tok ein samtidig inn EUs regulering av mat og dyrehelse/dyrevelferd. Dette utgjer i dag rundt 40% av EØS-rettsaktene, og 90% av Mattilsynets regelverksutvikling, som NOU-en peikar på. Reglar for dyrevelferd, dyrehelse, økologisk drift og mat hygiene er døme på område som no er styrt gjennom EØS-regleverket. Dette får naturlegvis store konsekvensar for norsk landbruk og norsk matindustri. I tillegg er det veterinære grensevernet fjerna, noko som fører til auka smittepress på norsk dyre- og humanhelse.

**Fleirtalet i Europautredningen konkluderer med at tilpassinga til EUs mat- og veterinærregleverk har gått greitt, og at ”skremselspropagandaen” før Veterinæravtalen vart inngått i 1998 har vist seg å ikkje slå til. Norges Bondelag meiner denne konklusjonen er ufullstendig og blir direkte feil, viss ein ikkje samtidig viser til at dette skuldast nasjonale kompensatorisk tiltak sett i verk av norske styresmakter og næringa. Ei grundig vurdering av effektane krev ein veterinærfagleg gjennomgang, noko vi ikkje ser at Europautredningen har gjennomført.**

Nokre av endringane ville Noreg sannsynlegvis ha innført uavhengig av EØS-avtala, som Europautredningen rett påpeikar. Men andre endringar er lite tilpassa norske forhold. Dette gjeld til dømes datostempling på egg. Utløpsdato er tilpassa salmonella-utfordringar i EU, og ikkje norske forhold, utan desse utfordringane. Dette fører til at daglegvarehandelen kvart år kastar rundt 850 tonn friske norske egg, tilsvarande 12,9 millionar egg (kjelde ForMAT-prosjektet). Eit anna døme er strenge krav til bruk av fiskebeinmjøl i fôr, noko som i hovudsak er tilpassa risiko for kryss-smitte mellom kjøtbeinmjøl og fiskebeinmjøl ved bruk av same utstyr for produksjon av begge fôrtypar. Dette er ikkje ei aktuell problemstilling i Noreg.

Norges Bondelag meiner også det ikkje er mogleg å trekke ein endeleg konklusjon når det gjeld konsekvensane av bortfallet av det veterinære grensevernet for norsk dyre- og humanhelse. Flytting av levande dyr og biologiske produkt over store område, inkludert handel over landegrensar, inneber alltid risiko for å spreie smitte. Innlemming av Veterinæravtala og tilrettelegging av auka handel med levande dyr og biologiske produkt inneber difor ein permanent auke i risikonivået. Eit døme på negative konsekvensar er utbrot av sjukdomen smittsam fotråte hos sau. Denne sjukdomen tek ikkje EØS-regelverket høgde for. Sjukdomen har store økonomiske og dyrevelferdsmessige konsekvensar. Frå smitta vart oppdaga i 2008 har styresmakter og næring i Noreg brukt rundt 40 millionar kroner på tiltak mot sjukdomen.

Viktigaste årsaka til at Veterinæravtala ikkje har fått enno større negative konsekvensar, er at Noreg har sett i verk til dels dyre og omfattande kompensatoriske tiltak, og ikkje minst at næringa sjølv har valt å ikkje importere levande dyr. Næringa har også gjennom KOORIMP teke på seg ansvaret for å kontrollere og minimere smittepresset frå import, noko som ville vore unødvendig om vi framleis hadde hatt eit veterinært grensevern. Smittepresset vart også mindre enn frykta fordi importen av landbruksvarer har vore begrensa av manglande framgang i forhandlingane i Verdas Handelsorganisasjon. Dette kan endre seg med ei ny avtale. Den auka importen frå EU gjennom artikkel 19 og protokoll 3, kan gjere utfordringane større. **Desse utfordringane burde vore trekt meir fram i Europautredningen.**

Det blir også peika på at det har vore lite debatt rundt mat- og veterinærsaker i Noreg. Det vil ikkje seie at sakene i seg sjølv har vore ukontroversielle. I tillegg til at det faktisk har vore konflikt rundt saker som matsminke, kugalskap og blåtunge, peikar Europautredningen sjølv på at kunnskapsnivået og debatten rundt EØS-saker i Noreg er for låg. Dette kan føre til passivitet og manglande debatt, sjølv i saker som er problematiske for Noreg.

**Norges Bondelag meiner styresmaktene må få eit meir systematisk opplegg for å involvere næringa på eit tidlegare stadium i EØS-saker med stor betydning for norsk landbruk. Vi viser til høyringsuttale frå Norsk Landbrukssamvirke for utdjujing av dette temaet.**

#### **4. Andre område**

EØS-avtala får også konsekvensar for tekniske krav og standardar, som krav til traktorar, som er nemnt i NOU-en. Dette kan dels vere endringar som Noreg uansett ville gjort, men enkelte av krava er også unødvendig byråkratiske og dårleg tilpassa norske forhold.

EØS-avtala har også fått konsekvensar for eigedomspolitikken i norsk landbruk, mellom anna gjennom å legge begrensingar på utforminga av bu- og driveplikta, løysingfristen i odelslova, og moglegheitene for å utforme ein differensiert politikk mellom ulike eigeformer i landbruket. Dette var område EØS-avtalas artikkel 125 slår fast skal haldast utanfor: "...denne avtale skal ikke på noen måte berøre avtalepartenes regler om eiendomsretten". Brundtlandregjeringa stadfesta dette: "...videre vil forbudet mot forskjellsbehandling ikke være til hinder for å opprettholde følgende bestemmelser og prinsipper: Bo- og driveplikt kreves ved ethvert erverv av landbrukseiendommer, inklusive skogseiendommer" (St.prp.nr.100 (1991-1992), s 197). Likevel innsåg Stoltenberg-regjeringa seinare at EØS likevel får konsekvensar for dette området: "(Da EØS-avtalen ble inngått fant en) at reglene ikke var til hinder for fri flyt av kapital fordi verken bestemmelser eller praksis fører til forskjellsbehandling mellom norske borgere og borgere fra andre land (...) I ettertid har Norge i forbindelse med etterfølgende rettsaker i EF-domstolen lagt til grunn av avgjørelser innen saksfeltet vil kunne innvirke på norske forhold" (Ot.prp.44 (2008-2009), s 42).

**Måten eigedomspolitikken blir påverka av EØS-avtala, utan at dette var føresettt då EØS-avtala vart inngått, burde vore problematisert i Europautredningen.**

I staden blir arbeidsinnvandring sterkt vektlagt som ein positiv effekt av EØS-avtala for norsk landbruk. Det er rett at norsk landbruk brukar arbeidskraft frå EØS-området. Samtidig er det verdt å minne om at desse får tariff-løn, og såleis jobbar under same vilkår som eventuelle norske arbeidstakarar ville hatt. Landbruket brukte også innleigd hjelp frå inn- og utland før EØS-avtala vart inngått, og kunne benytte seg av utanlandsk arbeidskraft også utan EØS-avtala. Det blir også i aukande grad nytta arbeidskraft frå andre verdsdelar på norske gardsbruk.

#### **5. Konklusjon**

Norges Bondelag meiner fleirtalet i utvalet si framstilling av landbruket og EØS-avtala er ubalansert og ufullstendig. Dei negative konsekvensane for landbruket og den norske samfunnet er undervurderte, samtidig som dei positive sidene er framheva. Det blir konkludert med at tilpassinga til EØS-avtala har gått greitt, og at importen av landbruksprodukt er moderat. Dette er gjort utan veterinærfaglege/helsefaglege vurderingar, og utan å stille spørsmålsteikn om korleis Noreg kunne ha brukt handlingsrommet betre for å tene norske interesser og stå imot EUs forhandlingspress. Norges Bondelag foreslår følgjande for vidare oppfølging av Europautredningen:

Vår dato  
04.05.2012

Vår referanse  
12/00283-3

---

- **Næringa må involverast meir systematisk og på eit tidlegare stadium ved vurdering av innlemming av nytt EØS-regelverk**
- **Konsekvensane av innlemming av Veterinæravtala må gjennomgåast meir grundig med bruk av biologisk-fagleg kompetanse**
- **Konsekvensane av auka handel gjennom artikkel 19 og protokoll 3 må gjennomgåast meir grundig og kritisk, med sikte på å utnytte handlingsrommet som ligg i avtala betre. Dette dreier seg til dømes om utjamning av råvareprisar i protokoll 3 og å hindre auka import med henvising til krav om gjensidigheit i artikkel 19**
- **Konsekvensar for eigedomspolitikken i landbruket må påpeikast og problematiserast. Dette var ikkje føresett ved inngåing av EØS-avtala**
- **Landbrukets verdi for heile det norske samfunnet må framhevast klarare, og EUs landbrukspolitikkk må framstillast på ein meir heilskapleg måte. Interne vurderingar av norsk landbrukspolitikkk høyrer ikkje heime i ei slik utgreiing**

Med venleg helsing

Arild Bustnes  
Næringspolitisk sjef

Hildegunn Gjengedal  
Seniorrådgjevar